



ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

NVE
pb. 53
6801 FØRDE

Dykkar ref.:
201500615-2

Vår ref.:
15/220-4/K1 - 216, K2 - S05/LPR

Direkte innval:
56 52 70 55

Stad/Dato:
21.04.2016

Vilkårsrevisjon Eidfjord-Nord

Visar til brev av 12.05.2015 vedkommande krav om revisjon av konsesjonsvilkåra for Eidfjordvassdraget. NVE bad i brevet kommunane om en tilbakemelding, på om dei ønskjer å fremme revisjonskrav med meir. Heradsstyret i Ulvik har no fatta vedtak i saka. Sakspapiret ligg vedlagt.

Heradsstyret - 016/16:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Samrøystes vedtak:

Ulvik herad er positiv til ein vilkårsrevisjon for Eidfjord-Nord anlegget og modernisering/ajourføring av konsesjonsvilkåra.

Ulvik herad ber konsesjonsmyndigheita sjå på om fondskapitalen for det felles Fiskefondet for Eidfjord og Ulvik kan aukast. Kapitalen bør justerast i forhold til konsumprisindeksen. Fondet bør kunne delast mellom kommunane.

Ved revisjon av vilkåra bør konsesjonsmyndigheita gå gjennom eksisterande kunnskap og eventuelt innhente ny kunnskap om miljøforholda i vassdraget. Dei tiltak som er lista opp i den regionale vassforvaltningsplanen for Hordaland må inngå i NVE sin vurdering.

Ulvik herad ynskjer at det vert stilt krav om minstevassføring på anadrom strekning i Austdøla. Ein må då vurdere om noko av vatnet kan førast via Austdøla kraftverk som no ligg til konsesjonshandsaming hjå NVE.

Villreinnemnda for Hardangervidda må høyrast i saken med tanke på villrein og trekkveggar for villrein. Andre naturlege tema å ta opp er friluftsliv/reiseliv og forholda for grunnvatn i Osa.

Med helsing

Lars Præstiin
skogbrukssjef



E-post

ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon

56527000

Fax

56527001

Bankkontonr.

3450 19 70001

Organisasjonsnr.

971 159 928

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

| Utval | Møtedato | Utvalssak |
|--------------|------------|-----------|
| Formannskap | 16.03.2016 | 007/16 |
| Heradsstyret | 20.04.2016 | 016/16 |

| | | |
|--|-------------------------------------|--------------------------|
| Sakshandsamar Præstiin, Lars | Arkiv: K1 - 216, K2 - S05 | Arkivsaknr 15/220 - 3 |
|--|-------------------------------------|--------------------------|

Vilkårsrevisjon Eidfjord-Nord

Vedlegg:

Vedk. Felles fiskefond for Ulvik og Eidfjord

Sakstilfang:

12.05.2015 Eidfjordvassdraget - krav om revisjon av konsesjonsvilkår - NVE ber om kommunenes ev. planer . NVEs referanse: 201500615-2

Saksutgreiing:

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Hordaland har framsett krav om revisjon av konsesjonsvilkåra for Eidfjordvassdraget/Simavassdraget (050.Z). FNF, som er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og frilufsorganisasjonar i Hordaland, fremjar kravet på vegne av ålmente interesser. Kravet gjeld i første rekke vassføringsforhold for anadrom laksefisk i Bjoreio, negative effektar knytt til effektkøyring og landskaps- og frilufsinteresser rundt Vøringsfossen og Skykkjedalsfossen. FNF meiner dessutan det er behov for magasinrestriksjonar i Rembedalsvatnet.

Det er to konsesjonar i Eidfjordvassdraget som kan revideras innan år 2022, og konsesjonæren er Statkraft Energi AS. Ein vilkårsrevisjon bør etter NVE sitt syn omfatte heile Eidfjord-Nord anlegget, dvs. både Sy-Sima og Lang Sima. Vatnet til Lang Sima kjem i frå Ulvik, nærmare bestemt i frå: Skruelsvatnet (15,1 m), Grøndalsvatnet (12 m), Kvillinganutvatnet (15 m), Rundavatnet (8 m), Austdalsnutvatnet (27 m) og Langvatnet (48 m). Tala i parentesane angir reguleringshøgda. Det samla volum er om lag 190 millionar kubikkmeter. Ulvik herad har inntekter frå anlegget i form av konsesjonsavgift og billig konsesjonskraft, avgifta utgjør pt i underkant av 5 millionar kroner årleg og konsesjonskrafta ca. 70 000 MWh.

Etter reguleringa er vassføringa i Norddøla redusert med om lag 47 % og vassføringa i Austdøla med om lag 84 %. Det er ikkje krav til minstevassføring i verken Norddøla eller Austdøla.

NVE ber kommunane om å komme med innspel til vilkårsrevisjonen. Kommunane står fritt til å

fremje egne revisjonskrav. Kommunane (Eidfjord og Ulvik) bør så langt råd er samordne sine innspel.

Vilkåra vil verta revidert etter retningsliner frå OED. Hovudføremålet med ein revisjon er å betre miljøforholda i vassdraget. Men dette vegast opp mott føremålet med sjølve konsesjonen, som er kraftproduksjon. Revisjonen skal innebere ein modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkåra. Vilkår som har vist seg urimelige, unødvendige eller uhensiktsmessige vil kunne opphevast. Ved revisjon vil NVE normalt innføre dagens standardvilkår, som gjer det mogeleg å pålegge regulanten miljøtiltak utan konsekvensar for energiproduksjonen.

Det er berre konsesjonsvilkåra som kan reviderast, ikkje sjølve konsesjonen, som for eksempel høgaste regulerte vasstand (HVR) og lågaste regulerte vasstand (LVR). Privatrettslega forhold omfattast ikkje, og normalt omfattast heller ikkje økonomiske forhold.

Det vert vist til Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringar:

https://www.nve.no/media/2274/retningslinjer-for-revisjon_25mai_siste.pdf

Vurdering:

Aktuelle vilkår for revisjon:

Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) har utarbeida ei eigen rettleiar for kommunanes sakshandsaming i samband med vilkårsrevisjonar. Jamfør rettleiaren bør heradet ta opp alle aktuelle tiltak og forhold i sitt krav/innspel til NVE. Dokumentet vil seinare danne grunnlag for konsesjonærens revisjonsdokument.

Krav om revisjon må grunngevast. Grunngevinga bør vise til skader og ulemper som må avbøtast, kva som ikkje fungerer ved reguleringa og korfor det ikkje fungerer. Heradet kan også tilrå konkrete tiltak og endringar i konsesjonsvilkåra.

Aktuelle vilkår for revisjon er, i fylgje LVK, krav om minstevassføring, krav til fylling og tapping av magasiner (f.eks. sommarvasstand), andre endringar i manøvreringsreglement, tersklar/vassspeigel, erosjonssikring, fiskeutsetjing, biotopjusterande tiltak, tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv langs vassdraget etc. Spørsmål knytt til opprydding, tipper og liknande kan også takast opp.

Dialog med Eidfjord

NVE ønskjer i utgangspunktet ein felles utgreiing frå Eidfjord og Ulvik om relevante problemstillingar for eventuell opning av revisjon av konsesjonsvilkåra for Simavassdraget/Eidfjordvassdraget.

Administrasjonen i dei to kommunane har hatt ein god dialog om dette. Men me har komme fram til at det er relativt ulike problemstillingar i dei to kommunane, og at det difor er vanskeleg å ha likelydande saksutgreiing og vedtak i Eidfjord og Ulvik. Nokre punkt vil me likevel fremje i fellesskap.

Innspel frå Ulvik vilt- og innlandsfiske nemnd og Ulvik Sportsfiskarlag

Ulvik herad har mottatt eit konkret ønskje til endring av konsesjonsvilkåra. Det gjeld det felles Fiskefondet for Eidfjord og Ulvik, som vart oppretta i samband med denne konsesjonen. Ulvik herad sine to representantar til fondsstyret, som kvar for seg også representerer høvesvis Ulvik Vilt- og Innlandsfiskenemnd og Ulvik Sportsfiskarlag, har i brev til ordføraren i Ulvik bedt om å få delt fondet mellom kommunane (sjå vedlagt brev). Dei ynskjer dessutan at fondskapitalen vert auka. Dei meiner fondet har fungert dårleg.

Ulvik vilt- og innlandsfiskenemnd har dessutan fylgjande innstilling til Formannskapet sin handsaming

av innspel til vilkårsrevisjonen:

VIL- 005/16, samrøystes vedtak:

Ulvik vilt- og innlandsfiskenemnd er positiv til ein vilkårsrevisjon for Eidfjord-Nord anlegget og modernisering/ajourføring av konsesjonsvilkåra.

Ulvik herad bør be konsesjonsmyndigheita om å sjå på om fondskapitalen for det felles fiskefondet for Eidfjord og Ulvik kan aukast, og om forvaltninga av fondet kan gjerast meir effektiv/målretta. Ein eventuell deling av fondet må vurderast opp mot kommunesamanslåinga.

Ved revisjon av vilkåra bør konsesjonsmyndigheita gå gjennom eksisterande kunnskap og eventuelt innhente ny kunnskap om miljøforholda i vassdraget. Dei tiltak som er lista opp i den regionale vassforvaltningsplanen for Hordaland må inngå i NVE sin vurdering.

Villreinnemnda for Hardangervidda bør høyrast med tanke på villrein, barrierar, vandringsmønster og trekkveggar. Temaet kan vere aktuelt for vilkårsrevisjonen.

Fiskefond

Eidfjord kommune, som er sakshandsamer for det felles fiskefondet, meiner det er eit klart missforhold mellom verdien av fondet med det avkastningsgrunnlag det gir og dei effektane av vassdragsreguleringa som fondet er meint å kompensera for. Dei føreslår at fondskapitalen bør justerast etter konsumprisindeksen, som i praksis betyr ein auke frå om lag kr. 200.000 til i underkant av ein million.

Anadrom laksefisk og miljøtilpassa vassføring

Situasjonen for anadrome laksefisk i Osa er kritisk. Det gjeld spesielt laks, der bestanden i Austdøla vert kategorisert som kritisk eller tapt, mens det i følgje «Lakseregisteret» til Miljødirektoratet ikkje finnes nokon bestand av laks i Norddøla. For sjøaure er heldigvis situasjonen litt betre, bestandstilstanden vert kategorisert som «omsynskrevjande».

Konsesjonæren arbeider for å sikre forholda for anadrom laksefisk innafor ramma av føresegna i gjeldande konsesjon, og det er i den samanheng gjennomført ei rekke fiskebiologiske undersøkingar sia tidleg 2000-talet. Når vilkåra for konsesjonen skal reviderast er det naturleg å gjennomgå eksisterande kunnskap som føreligg og eventuelt innhente ny kunnskap, for å vurdere om ein kan gjere endringar ved gjeldande konsesjon, som vil betre miljøforholda i vassdraget. Krav om miljøtilpassa vassføring bør vurderast.

Dersom det vert innført krav om minstevassføring på anadrom strekning i Austdøla, bør ein vurdere om noko av vatnet kan føyrast via Austdøla kraftverk, som no ligg til konsesjonshandsaming hjå NVE. God samfunnsøkonomi er viktig.

Villrein

Det kan òg verta aktuelt å sjå på om oppdemminga av vassmagasin i fjellet har medført vesentlege barrierar for villreinen sitt naturlege vandringsmønster. Ein bør i så fall vurdere om det finns rimelege løysingar, som kan kompensera for dette. Reguleringa ligg innan Hardangervidda villreinområde som er «nasjonalt villreinområde» og er føreslått som «Europeisk villreinregion». Villreinnemnda bør høyrast i spørsmålet.

EU's vassdirektiv – regional plan for vassregion Hordaland

Vilkårsrevisjonen vert heimla i Vassdragsreguleringslovas § 10 nr. 3. Men også Forskrift 15.12.2006 nr. 1446 om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta) og vassforvaltningsplanane gjev sentrale

føringar for modernisering av vasskraftkonsesjonane. Regional plan for vassregion Hordaland 2016 – 2021 er vedtatt av Fylkestinget og sendt til Klima- og miljøverndepartementet for endeleg godkjenning. Til planen høyrer ein tiltaksplan for alle vurderte vassførekomstar i Fylket. «Problemkartlegging» er oppført som prioritert tiltak for alle vassførekomstane i Lang Sima anlegget. I tillegg er det føreslått «variabel miljøtilpassa vassføring» i heile Norddøla og i nedre del av Austdøla. Andre prioriterte tiltak på anadrom strekning i begge elvane er «terskel bygging», «etablering av skjul med utsetjing av stein» og «etablering av kantvegetasjon». NVE og Miljødirektoratet står oppført som ansvarleg myndigheit for majoriteten av tiltaka. Vilårsrevisjonen må ta omsyn til dette.

Andre relevante tema

Friluftsliv, reiseliv og grunnvassforhold i Osa er andre tema som bør inngå i vurderinga når konsesjonsvilkåra skal takast opp til revisjon.

Rådmannen sitt framlegg:

Ulvik herad er positiv til ein vilårsrevisjon for Eidfjord-Nord anlegget og modernisering/ajourføring av konsesjonsvilkåra.

Ulvik herad ber konsesjonsmyndigheita sjå på om fondskapitalen for det felles Fiskefondet for Eidfjord og Ulvik kan aukast. Kapitalen bør justerast i forhold til konsumprisindeksen. Fondet bør kunne delast mellom kommunane.

Ved revisjon av vilkåra bør konsesjonsmyndigheita gå gjennom eksisterande kunnskap og eventuelt innhente ny kunnskap om miljøforholda i vassdraget. Dei tiltak som er lista opp i den regionale vassforvaltningsplanen for Hordaland må inngå i NVE sin vurdering.

Dersom det vert stilt krav om minstevassføring på anadrom strekning i Austdøla, bør ein vurdere om noko av vatnet kan føyrast via Austdøla kraftverk, som no ligg til konsesjonshandsaming hjå NVE.

Villreinnemnda for Hardangervidda må høyrast i saken med tanke på villrein og trekkvegar for villrein. Andre naturlege tema å ta opp er friluftsliv/reiseliv og forholda for grunnvatn i Osa.

16.03.2016 Formannskap

FSK- 007/16 Vedtak:

Samrøystes tilråding:

Ulvik herad er positiv til ein vilårsrevisjon for Eidfjord-Nord anlegget og modernisering/ajourføring av konsesjonsvilkåra.

Ulvik herad ber konsesjonsmyndigheita sjå på om fondskapitalen for det felles Fiskefondet for Eidfjord og Ulvik kan aukast. Kapitalen bør justerast i forhold til konsumprisindeksen. Fondet bør kunne delast mellom kommunane.

Ved revisjon av vilkåra bør konsesjonsmyndigheita gå gjennom eksisterande kunnskap og eventuelt innhente ny kunnskap om miljøforholda i vassdraget. Dei tiltak som er lista opp i den regionale vassforvaltningsplanen for Hordaland må inngå i NVE sin vurdering.

Dersom det vert stilt krav om minstevassføring på anadrom strekning i Austdøla, bør ein vurdere om

noko av vatnet kan føyrast via Austdøla kraftverk, som no ligg til konsesjonshandsaming hjå NVE.

Villreinnemnda for Hardangervidda må høyrast i saken med tanke på villrein og trekkvegar for villrein. Andre naturlege tema å ta opp er friluftsliv/reiseliv og forholda for grunnvatn i Osa.

20.04.2016 Heradsstyret

Endringsframlegg frå SV til 4. avsnitt i tilrådinga frå formannskapet:

Ny formulering som erstattar fjerde avsnitt:

For å betra situasjonen for anadrome laksefisk i Austdøla vil Ulvik herad be om at det vert innført minstevassføring. Ved eventuell utbygging av Austdøla kraftverk, vil Ulvik herad be konsesjonær vurdere å senda Austdøla attende i sitt naturlege løp.

Gruppemøte i 10 min.

Sv trekker endringsframlegget.

Pause 5. min.

Endringsframlegg frå heradstyret: Nytt avsnitt 4 i tilrådinga frå formannskapet :

Ulvik herad ynskjer at det vert stilt krav om minstevassføring på anadrom strekning i Austdøla. Ein må då vurdere om noko av vatnet kan føyrast via Austdøla kraftverk som no ligg til konsesjonshandsaming hjå NVE.

Røysting:

Framlegg frå formannskapet med nytt avsnitt 4 vart samrøystes vedteke.

HST- 016/16 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Ulvik herad er positiv til ein vilkårsrevisjon for Eidfjord-Nord anlegget og modernisering/ajourføring av konsesjonsvilkåra.

Ulvik herad ber konsesjonsmyndigheita sjå på om fondskapitalen for det felles Fiskefondet for Eidfjord og Ulvik kan aukast. Kapitalen bør justerast i forhold til konsumprisindeksen. Fondet bør kunne delast mellom kommunane.

Ved revisjon av vilkåra bør konsesjonsmyndigheita gå gjennom eksisterande kunnskap og eventuelt innhente ny kunnskap om miljøforholda i vassdraget. Dei tiltak som er lista opp i den regionale vassforvaltningsplanen for Hordaland må inngå i NVE sin vurdering.

Ulvik herad ynskjer at det vert stilt krav om minstevassføring på anadrom strekning i Austdøla. Ein må då vurdere om noko av vatnet kan føyrast via Austdøla kraftverk som no ligg til konsesjonshandsaming hjå NVE.

Villreinnemnda for Hardangervidda må høyrast i saken med tanke på villrein og trekkvegar for villrein. Andre naturlege tema å ta opp er friluftsliv/reiseliv og forholda for grunnvatn i Osa.

